



Årsplan for Liene barnehage 2019 - 2020

Innhold

Presentasjon av barnehagen	1
Lov og rammeverk	1
Å byrje i barnehagen.....	2
Samarbeid mellom barnehagen og heimen	3
Forventningar frå føresette til barnehagen.....	4
Forventningar frå barnehagen til føresette.....	4
Pedagogisk grunnsyn	5
Leik og medverknad.....	6
Barn sine innspel til årsplanen.....	7
Satsningsområder.....	8
Inkluderande barnehagemiljø – vaksenrolle og leikemiljø.....	8
Hundorp 2021 – «møteplass gjennom tusen år».....	9
Fagområda	10
Progresjon og dokumentasjon.....	12
Overgang mellom avdelingar	13
Samarbeid og overgang mellom barnehage og skule	13
Barnehagen sine samarbeidspartnarar.....	14
Kosthald og fysisk aktivitet	14
Årshjul/viktige datoar.....	16
Telefonnummer.....	17

Presentasjon av barnehagen

Liene barnehage er ein barnehage med fem avdelingar; Snippen, Plassen, Svingen, Toppen og Kroken. På Kroken skal det dette året vere barn fødd i 2014, 2015 og 2016, på Toppen barn fødd i 2014 og 2015. Svingen har barn fødd i 2016 og 2017 og på Plassen og Snippen er det barn fødd i 2017 og 2018. Barnehagen har opningstid frå kl. 06.45 til kl. 16.30, og kjernetid frå 9.00 til 14.00. Kjernetid er den tida barnehagen brukar til organiserte aktivitetar, og den tida vi ønskjer at alle barna skal vere i barnehagen. Om barna har fri, er sjuke eller kjem utanom kjernetida ber vi om at føresette ringer/sendar melding og gjev beskjed. Kvar avdeling har frukost frå 8.00, for dei som skal ete frukost må dei kome i barnehagen før kl. 8.30.

Satsingsområda våre dette året er inkluderande barnehagemiljø med spesielt fokus på vaksenrolla og god tilrettelegging av barnehagen sitt fysiske miljø. Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta ungene sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. I tillegg skal vi starte opp med eit prosjekt som skal vare fram til 2021. Det heiter Hundorp 2021 og gjennom prosjektet skal vi jobbe med møte mellom kulturar og ny og gamal tid. Kven var vi før i tida, kven er vi no og korleis trur vi framtida ser ut?

Liene barnehage er ein trafiksikker barnehage. De kan lese meir om dette i eige heftet om trafiksikkerheit.

Trivsel og læring for alle er ein overordna visjon for skular og barnehagar i Sør-Fron, og ei felles målsetting for oss i Liene barnehage.

Lov og rammeverk

Barnehagelova regulerer alle barnehagar i Noreg og er det viktigaste styringsdokumentet vi har. Lova skal sikre barn i barnehage eit likeverdig tilbod av god kvalitet og med tilpassa opplæring. Den set mål barnehagen må arbeide mot i kvardagen. (Les meir: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>). I august 2017 fekk vi ny rammeplan for barnehagar. Rammeplan for barnehagen har status som forskrift til barnehagelova og er forpliktande for oss som arbeider i barnehage. Den gjev informasjon til føresette om kva de kan forvente av barnehagetilbodet og skal vere eit reiskap for planlegging, dokumentasjon og vurdering for tilsette. Korleis vi arbeider med rammeplanen skal synleggjerast i årsplan. (Les meir om rammeplan på: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>).

Formålsparagrafen i Barnehageloven seier:

«Barnehagen skal i **samarbeid og forståing med heimen** ivareta ungene sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»



Tilsette i barnehage har opplysningsplikt til barneverntenesta. Tilsette i barnehage skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep, samt vite korleis ein kan oppdage dette. I §22 i barnehagelova står det om opplysningsplikt: *Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid vere oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta si side. Utan hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eige tiltak gi opplysningar til barneverntjenesten.*

Å byrje i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet som begynner i barnehagen får ein god start. For at oppstarten skal bli best mogleg skal:

- barnehagen ha oppstartsamtale før barnet byrjar i barnehagen eller seinast innan ein måned etter oppstarten. Barnehagepersonalet skal bidra til å skape ein god dialog med foreldra slik at dei blir kjende med barnet og deira behov.
- barnehagen tilpasse rutinar slik at barnet får tid til å bli kjend og knytte relasjonar til både vaksne og andre barn.
- barnehagen ha tett oppfølging slik at barnet føler tryggleik og tilhørslse.
- barnehagen vere fleksibel og samarbeide med føresette om lengda på tilvenninga.
- barnet og foreldra få moglegheit til å besøkje barnehagen i løpet av sommaren, etter avtale med personalet.



Oppstarten i barnehagen handle om å skape **tryggleik** for barnet og foreldra



Samarbeid mellom barnehagen og heimen

Barnehagen er avhengig av eit godt samarbeid med foreldra for å gjere barnehagekvardagen for barna best mogleg. Eit godt samarbeid mellom barnehagen og føresette er i seg sjølv eit viktig grunnlag for eit inkluderande barnehagemiljø. Utanom god kommunikasjon ved bringing og henting skal barnehagen ha oppstartsamtale med føresette til alle nye barn. Desse skal i hovudsak gå føre seg før barnet byrjar i barnehagen, men seinast innan ein månad. I tillegg er det obligatoriske foreldresamtaler kvar haust og vår. Vi har låg terskel for å ta ei telefonsamtale, og vi kan ringe til kvarandre utan at det er noko i vege. Både tilsette og føresette må tenkje over korleis dei pratar og kva dei pratar om når barnet er tilstade. Vi må vere bevisste på vaksenrolla og ansvaret vi har for å vere gode rollemodellar.

Alle som arbeider i Liene barnehage har teieplikt etter paragraf 20 i Barnehagelova og paragraf 13-13f i Forvaltningslova. Teieplikta inneber at ingen andre enn dei det gjeld har kjennskap eller tilgang til nokon sine personlege forhold. Med dette menes blant anna opplysningar om fysisk og psykisk helse, familie- og heime situasjon, bo-forhold, økonomi eller klientforhold til det offentlege.

Vi ønskjer at alle barn og vaksne seier **HEI** til kvarandre i barnehagen og at vi brukar førenamn på kvarandre.

Hei Nina!



Hei Ola!

FAU (foreldreråd) er ein svært viktig samarbeidspartner. Det er to foreldrerepresentantar frå kvar avdeling i barnehagen som sit i FAU. Det er også ein vara frå kvar avdeling. Alle føresette kan kome med innspel til FAU, slik at saker kan tas opp og vidareformidlast til barnehagen. Kvar avdeling har FAU-postkasse der de kan legge anonyme innspel. FAU gjer mykje godt og viktig arbeid for barnehagen. Dei arrangerer til dømes juletreffesten, har sett opp lavvo til barnehagen og vore med å arrangert dugnad. Dette kjem barna til gode, og vi i barnehagen er takksame for den innsatsen FAU legg ned.



Forventninger frå føresette til barnehagen

- Barna har ein oppleving av at dei blir sett og verdatt.
- Barna sin sjølvkjensle, sjølvtilitt og sjølvbilete byggas opp.
- Barnehagen følgjer barna sine interesser.
- Barnehagen seier i frå dersom noko har skjedd elles er bekymra for noko.
- At vi får vite når det er foreldremøte og samtaler i god tid.
- At barnehagen følgjer opp lover og reglar.
- Tilbyr eit variert uteområdet.
- Lagar variert og sunn mat.
- Fagleg oppdatering og oppfølging av tilsette.
- Involvere foreldre i avgjerder som er relevant for eit godt samarbeid.
- At gitte beskjedar blir følgt opp.
- At barna får hjelp inn i sosiale interaksjonar.
- At det blir lagt opp til at alle barn har det trygt, og at det slåast ordentleg ned på mobbing.
- Gir trygge og stabile dagar for barna.
- At alle barn er med i leiken/læringa, slik at ingen følar seg utanfor.

Forventningar frå barnehagen til føresette


- Set tydelege og fornuftige grenser for barnet. Barn treng grenser for å kjenne seg trygg.
- Gi beskjed til personalet i barnehagen viss det skjer noko utanom det vanlege i barnet sin kvardag. (Eks: dødsfall, skilsmisse, alvorlig sjukdom, flytting og andre ting de tenkjer er relevante for barnet sin kvardag)
- Gje tilbakemelding til personalet i barnehagen om ting som er bra.
- Gje tilbakemelding til personalet i barnehagen om ting vi kan bli betre på.
- Tilsette og føresette er bevisst på korleis dei pratar og kva dei pratar om når barnet er tilstade.
- Foreldre framsnakkar barnehagen, tilsette og barna som går i barnehagen.
- Delta på foreldremøter, foreldresamtaler og andre arrangement i barnehagen.
- At de les informasjon frå barnehagen.
- Overhalde anbefalingar frå folkehelseinstituttet som gjeld antal dagar heime ved sjukdom.
- Overhalde kjernetid og opningstid, og tidsfristar for innlevering av svarsliappar, og gje beskjed viss barnet tek fri frå barnehagen.



Pedagogisk grunnsyn

Omgrepa omsorg, leik, læring og danning heng tett saman og er grunnverdiar i norsk barnehagetradisjon. Desse skal vere fundamentet for alt arbeidet vi gjer i barnehagen. Alle barn skal oppleve omsorg i barnehagen, og kjenne seg trygge. Det er viktig at vi tek barna sine interesser på alvor, og at vi gjennom refleksjon og undring saman med dei skapar motivasjon for å lære. Omgrepet danning handlar om å lære og tenkje kritisk, yte motstand, bidra til endring og delta i eit fellesskap. Det handlar også om å utvikla evne til å reflektere over egne handlingar og veremåtar. Omsorg, leik, læring og danning er utgangspunktet for utarbeidinga av Liene barnehage sitt pedagogiske grunnsyn. Grunnsynet skal jamleg reflekteras over og evaluerast slik at alle får kjensle av eigarskap og opplev at det representerer oss.

PEDAGOGISK GRUNNSYN – LIENE BARNEHAGE



Leik og medverknad

FN sine barnrettar handlar blant anna om barn sin rett til leik og barn sin rett til medverknad. Barn sin rett til medverknad er til og med lovfesta i Grunnloven sin §104! Leik er ein viktig uttrykksform for barn. Det blir derfor ei viktig oppgåve for oss vaksne og skape gode fysiske rom for leik, vite når vi skal delta og når vi skal observere aktivt, samt jobbe for eit inkluderande miljø der alle barn får moglegheit til å delta i leik.

Medverknad handlar om at barn skal få uttrykkje seg, oppleve at dei blir teke på alvor og at dei har ein betydning for fellesskapet. Barna skal bli teke med på planlegging og vurdering av innhaldet i barnehagen. Deltakinga må tilpassast alder og føresetnader slik at også dei yngste barna får reell moglegheit for medverknad. Gjennom å medverke i eigen kvardag får barnet med seg ein kompetanse som dei får nytte av resten av livet. Ein kompetanse som rustar dei til samarbeid og ein ivaretaking av eigne behov. Derfor er det viktig å hugse at medverknad er noko heilt anna enn å bestemme og la barn gjera som dei vil. Læringsprosessane i barnehagen skal vere slik at barn får ein byrjande forståing av kva eit demokrati er. Barna deltek i fellesskapet i barnehagen og skal få moglegheit til å utvikle forståing av verda dei er ein del av. Dette krev at vi i barnehagen sett fokus på respekt for forskjelligheit og positive haldningar til å leve saman i fellesskap.

For at alle barn skal bli inkluderte, har vi i Liene barnehage innført omgrep **BARNEHAGEVENN** i staden for *bestevenn*.

Korleis kan vi hjelpe barn til å bli betre kjent med fleire barn og utvide sine vennskap? Målet er å skape tryggleik i å vere saman med fleire. Vi tenkjer at barn blir sårbare viss dei alltid skal leike med det same barnet. For tenk viss den du leiker med flytt, kven skal du leike med da? Ved å ha innført omgrepet «barnehagevenn», føler vi at det er eit ord som betre skaper inkludering.



Barn sine innspel til årsplanen

Like best å verra inne, det e faktisk viktigare enn alt.

E like å læke i hop me døm andre barna.

Vaksne trøste og passe på at alle har det bra.


Vaksne må gje me mat så e bli stor og sterk.

Alle ska få verre med å læke.

Vaksne ska verre snille og glade.

E vil at oss kæn ræse på Badeland og bade.

Døm vaksne har møte og prate om oss har det bra æll itte.



Berre læke ein hæl dag.

E syns døm vaksne ska verra med å læke.

Vaksne ska verra med om nønn itte tørr.

Vaksne lar oss læke i gymsalen og e fe lov te å flyge og danse.

Læke i sandkassa, sykle, huske og klatre.

Ha-med-dag e fint.

At oss spørr om nønn vil verra me å læke.

Vaksne bestemme at ingen ska læke alene.

Oss må hjelpe dinnan.

E vil gå tur i skogen.



Satsningsområder

Inkluderande barnehagemiljø – vaksenrolle og leikemiljø

Sør-Fron kommune sitt overordna mål for barn sin trivsel er: Å utvikle eit trygt og godt psykososialt miljø, og arbeide mot mobbing og diskriminering. For at barn skal kunne danne vennskap, leike og lære må dei trivast i barnehagen og det er vaksne sitt ansvar. Vi skal jobbe med vaksenrolla og inspirerende leikemiljø som metode for å få eit inkluderande barnehagemiljø. Det skal vere rom for at alle barn får delta i leik og alle skal oppleve at dei har verdi for fellesskapet. I Liene skal vi bruke «Mitt val» (eit Lions-program) som verktøy i dette arbeidet. Mitt val er eit samtale- og leikeverktøy som kan bidra til å utvikle barna sin sosiale og emosjonelle kompetanse.

Vaksne skal:

- vere varme, trygge og omsorgsfulle vaksne som sett grensar på ein god måte.
- jobbe for å ha gode relasjonar med alle barna og foreldre i barnehagen.
- legge til rette for gode felles opplevingar for å fremje ei kjensle av fellesskap.
- støtte barna med å bygge relasjonar til kvarandre.
- støtte barna med å sette ord på kjensler og bekrefte at det er lov å være lei seg.
- fremje positive handlingar som motverker avvising, mobbing og vold.

Tilsette og føresette skal sørge for at alle barn trivest i barnehagen, jobbe aktivt for å førebygge mobbing og gripe inn med det same dersom dei ser, høyrer om eller har mistanke om at eit barn blir utsett for mobbing. Mobbing er svært skadeleg for sjølvkjensla og kan få store konsekvensar i eit barn sitt liv. I barnehagen skal alle barn oppleve å vere ein viktig del av eit fellesskap, der alle barna skal ha nokon og vere med.

- Barnehagen har ein plan for det psykososiale miljøet i barnehagen. Denne skal brukast aktivt gjennom heile året.
- Vaksne skal observere samspel og leik barna deltek i.
- Vaksne skal gje ros til barna og kvarandre.
- Vaksne skal vere tidlig ute med samtale med dei det gjeld dersom vi observerer mobbing.



Innspel frå føresette og føresette si rolle for å førebygge mobbing:

- Snakke med barnet om at alle er likeverdige uansett hudfarge, kjønn og utfordringar.
- Prate/omtalar kvarandre positivt, da får vi det betre med oss sjølv og påverkar barna våre på ein god måte.
- Vise at vi bryr oss om kvarandre.
- Lære seg namna til alle på barnet si avdeling.
- Lære barna å vere fleksible og rause.
- Snakke om utanforskap og inkludering.
- Vi som føresette må vere gode rollemodellar.
- Ikkje akseptere at andre vaksne/barn oppfører seg dårleg.
- Lære bort i tideleg alder at mobbing er ein stygg ting.
- Lære barna at dei må seie i frå til vaksne om dei ser nokon blir mobba.
- Følgje med i situasjonar der mobbing kan oppstå.

Hundorp 2021 – «møteplass gjennom tusen år».

Hundorp 2021 – «møteplass gjennom tusen år» er ei markering av hendinga på Dale-Gudbrands gard i 1021. Fram mot sjølve markeringsåret skal vi bli kjende med historia om Dale-Gudbrand og Sør-Fron som kulturminnebygd.

«Kven var vi, kven er vi, og kven ønskjer vi å vera?». Vi vil ha fokus på møte mellom kulturar, ny og gamal tid. Vi skal sjå både bakover i historia og framover i det vi enda ikkje veit noko om. Denne knaggen vil vi henge det pedagogiske arbeidet på i prosjektperioda. Vi skal nytte nærmiljøet i Lia, og elles i kommunen. Alt arbeidet med prosjektet skal knyttast til rammeplanen for barnehagen.



Sommaren 1021 kom Olav den heilage og følgje hans frå Nidaros for å omvende folk til kristendom. På Sør-Fron møtte dei ein mektig mann som vart kalla Dale-Gudbrand.

Ein anna mann som heitte Tord Istermage sette eit ultimatum for at dølane skulle la seg kristne. Enten måtte Olav den heilage få sin gud til gjere så det vart solskin neste dag, elles vart det kamp.

Neste dag kom fleire bønder saman med Dale-Gudbrand med ein stor figur av tre pynta med gull og sølv. Dei meinte at denne guden var betre. Og dessutan var det enda ikkje vorte solskin.

Olav den heilage reiste seg opp og ba alle om å snu seg og sjå mot aust. Da kom sola fram. Samstundes tok ein mann som heitte Kolbein sterke opp klubba si og slo i stykkar trefiguren. Ut kom store mus, orm og padder.

Olav den heilage bad alle ta gullet og sølvet sitt og gå heim til familiane sine. Dale-Gudbrand og dølane lot seg kristne. Olav den heilage og Dale-Gudbrand skildes som vener.

(Kjelde: <https://leksikon.fylkesarkivet.no>)



Fagområda



Nærmiljø og samfunn



Kommunikasjon,
språk og tekst

Kropp, rørse,
mat og helse





Kunst, kultur og
kreativitet




Natur, miljø og
teknologi



Mengd, rom
og form



Etikk, religion og
samfunn



Progresjon og dokumentasjon

Barnehagen skal sørgje for progresjon ved å introdusere nye perspektiv og tilrettelegge for nye opplevingar og erfaringar for barna. Barn må få moglegheit til å utvikle seg, lære og oppleve variasjon.

Frå Rammeplanen s. 44: Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, material og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar tilpassa sine erfaringar, interesser, kunnskapar og ferdigheiter.

Barnehagen skal dokumentere verksemda på ulike måtar. Dei vanlegaste måtane å dokumentere på er gjennom tekst og bilete. Dokumentasjonen bør dreie seg mindre om enkeltbarn og meir om barn saman og kva dei er opptekne av. Kvar er barna sitt fokus? Kva er vi saman om? Dette handlar også om inkludering. Dokumentasjon kan vere utgangspunkt for refleksjon og evaluering blant personalet. Den kan synleggjere for føresette korleis vi jobbar i barnehagen og den kan vere utgangspunkt for samtale mellom barn og mellom barn og vaksne. For å ivareta barn sin medverknad bør dokumentasjonane synleggjere barn sin tenking.

Frå Rammeplanen s. 39: Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gje føresette, lokalmiljø og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplev, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen fyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Kvart barn vil få ein eigen dokumentasjon med bilete og tekst ca. ein gong i månaden. Denne blir etterkvart sett inn i permar som barna får når dei sluttar i barnehagen. I tillegg kan det kome ekstra dokumentasjon ved spesielle aktivitetar som skjer i barnehagen, ved bursdagar og ting barna ønskjer å sette inn sjølv.



Overgang mellom avdelingar

Det er viktig å legge til rette for gode overgangar mellom avdelingane. Sjølv om barnet er kjend i barnehagen kan det kjennes spennande og kanskje utfordrande for eit barn å bytte avdeling. Difor er det nokre punkt vi er opptekne av å ta omsyn til:

- Barna er på jamleg besøk på ny avdeling før overgang, saman med ein kjend vaksen.
- Dei vaksne må bruke tid på å bli kjend med barna dei skal ha på si avdeling.
- Personalet må gjere seg kjende med nye føresette.
- Jamleg samarbeid gjennom året slik at barna veit kven alle vaksne og barn er. Eksempel på slik samarbeid kan vere leikegrupper og fellessamling.

Samarbeid og overgang mellom barnehage og skule

Barnehage og skule er institusjonar for omsorg, lek og læring, men med ulik eigenart. Vi har eit felles ansvar for at barn kan møte ulikskapane mellom institusjonane med nysgjerrighet.

Det siste året i barnehagen har vi faddersamarbeid med 5.klasse. 5.klassingane skal bidra til at barna blir kjende med skulen og at alle kjenner nokon på skulen når dei byrjar der. Det vil bli arrangert fleire treff mellom barnehagebarna og 5. klassingane med ulike aktivitetar både i barnehagen og på Midtbygda skule. Føresette vil få meir informasjon om innhald og datoar for samarbeidet. På våren 2020 skriv vi overgangsskjema i samarbeid med føresette og barna. Her kan barna dele tankane sine rundt skulestarten. I år har vi 24 barn som skal starte på skulen. Dei går på 2 forskjellige avdelingar, Kroken og Toppen.

Vi ønskjer at barna skal få ein best mogleg overgang frå barnehagen til skulen. Vi har som mål at barna skal vere nysgjerrige og positive til skulen, og ha tru på seg sjølve. Vi jobbar jamt heile året for ein god overgang, og noko av det vi gjer er:

- Førskulegruppe der ein jobbar med ulike tema og aktivitetar. Det blir fokus på sjølvstende, språk og sosial kompetanse.
- Vanntilvenning på Fron badeland med avslutning i barnehagen.
- Avslutningsfest på eftastid.
- Jamleg faddertreff, både i barnehagen og på skulen.
- Innskriving, føresette er med på dette.
- Foreldremøte for 1.klasseforeldra/føresette på våren.
- Fokus på korleis ein kan vere ein god ven, ulikskapar og at alle er verdifulle.



Barnehagen sine samarbeidspartnarar

Barnehagen har fleire samarbeidspartnarar for å kunne ta hand om ulike utfordringar barnehagen, barn og familiar kan møte:

Helsestasjonen, Pedagogisk psykologisk teneste (PPT eller PP-tenesta), Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP), Barneverntenesta, Midtbygda skule, Familieteam, Fysioterapeut, Kompetansesenter rus – region øst, KoRus-Øst

Dessutan har vi samarbeid med biblioteket, Sør-Fron Sanitetsforening og Trygg Trafikk.

Sjå eiga brosjyre for meir detaljert informasjon om kvar enkelt samarbeidspartnar.

Kosthald og fysisk aktivitet

I Liene barnehage er vi opptekne at barna skal få gode måltid som handlar om samhandling og fellesskap, og at maten er variert og sunn.

Frukost: barna har med mat sjølve heimanfrå, og må komme i barnehagen før klokka 08.30.

Lunsj: grovt brød med forskjellig pålegg, samt varmmat ein dag i veka. Personalet lagar maten sjølve og vi har derfor fokus på sunn mat som ikkje tek lang tid å lage.

Ettermiddagsmat: varierer mellom kornblanding, polarbrød, brød og knekkebrød, og alltid frukt.

Drikke til maten er mjølk eller vatn. Barna har koppar/flasker med vatn tilgjengeleg gjennom heile dagen.

På bursdagar får barnet velje middagsmat sjølv. Barnet er med å lage og servere maten. På grunn av krav til hygiene og allergiar, ber vi om at barna ikkje har med kake/mat til servering i barnehagen. Det skapar dessutan eit forventningspress blant barna, dersom nokon har med seg kake og andre ikkje. I Liene barnehage arbeider vi med inkluderande barnehagemiljø og ønskjer ikkje å bidra til å skape forskjellar. Vi ønskjer også å skape sunne helsevaner hos ungane utan for mykje søtsaker.

Vi i Liene barnehage vil at barna skal få vere fysisk aktive. Vi har eit stort og variert uteområde som gjev barna mange moglegheiter til nettopp dette. Det gjev rom for god motorisk utvikling der barna kan finne utfordringar som passar dei. Vi brukar også skogsområda i nærleiken. I tillegg har vi gymsal med mye utstyr. Denne blir brukt av alle avdelingane, og her legg vaksne til rette for rørsle og leik i mange ulike formar.





Godkjent av SU 17. juni 2019



August: Planleggingsdag: 15. og 16. Oppstartsamtaler. Overgangssamtale ved behov.	September: Foreldremøte: 17. Stine Sofie stiftelsen kjem hit og har foredrag. Felles med Harpefoss. Foreldremøte: 19. Trond Sæthren frå «Barnevakten» kjem. Felles for heile Levekår. Fellessamling: 9. (Kroken ansvar). Brannvernveke – veke 38.
Oktober: Fellessamling: 14.(Toppen ansvar). Foreldresamtaler.	November: Fellessamling: 14.(Svingen ansvar). Hjertevenndag: 22. Nasjonaldag til Albania: 28.
Desember: Adventsamlingar: 2, 9, 16 og 20. Luciatog ved 5 åringene: 13. Grautfest: 16. (Plassen ansvar). Julebord på kvar avdeling. Juletreffest (arrangør FAU). Besøk av menighetspedagog.	Januar: Planleggingsdag: 2. og 3. Pysjamasfest: 27.(Snippen ansvar).
Februar: Samefolkets dag 6. Solfest: 10.(Kroken ansvar). Nasjonaldagen til Litauen: 16	Mars: Fellessamling: 16.(Toppen ansvar). Barnesamtaler. Barnehagedagen. Besøk av menighetspedagog.
April: Påskekaffe: 2. Foreldresamtaler. Fellessamling: 27.(Svingen ansvar). Nasjonaldagen til Syria: 17.	Mai: Foreldresamtaler/overgangssamtale til skulen. Fellessamling: 25. (Plassen ansvar). Trafikkveke: veke 22. Planleggingsdag: 22. Nasjonaldagen til Eritrea: 24.
Juni: Fellessamling: 8. (Snippen ansvar) Foreldremøte nye foreldre. Besøksdag. Sommerfest. Nasjonaldag til Russland: 12.	Juli: Sommerbarnehage på Harpefoss.

Barnehagen er stengt i romjula og påske. Planleggingsdagane dette barnehageåret er: 15. og 16. august 2018, 2. og 3. januar og 22.mai.



